

Vedlegg Q-1



LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1734 - 16/915

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

04.05.2016

## Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 56/73 Hundvin.

Administrativt vedtak. Saknr: 229/16

**Tiltakshavar:** Berit Hundvin Tveito og Audun Tveito  
**Ansvarleg søker:** Lindås Rør & Sanitær AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve frå fritidsbustad på gbnr 56/73 i samband med at det er søkt om oppføring av tilbygg til fritidsbustaden. Anlegget er dimensjonert for 3 bustadar slik at det i framtida vil vera mogleg for naboegedomane gbnr 56/41 og 56/74 å kopl seg til anlegget. Storleiken til utsleppet er opplyst til 18 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.04.2015 med tilleggskommentasjon sist mottatt 27.04.2016.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål. Delar av leidningstraseen er plassert innanfor byggjegrensa langs kommunal veg.

Det er i vedtak datert 24.05.2012 gitt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen.

Det er i vedtak datert 28.01.2016 gitt dispensasjon frå byggjegrensa langs kommunal veg.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 18.03.2015 revidert 07.12.2015, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Bio Disc med etterpoleringsanlegg. Det reinsa avlaupsvatnet skal førast til eksisterande kistegrøft på eigedomen gbnr 56/17.

Omsøkte reinseløysing stettar krava til utsleppsstad i følsamt/normalt område, med brukarinteresser. Det er eit krav at anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3.

### **Privatrettslege tilhøve**

Reinseanlegget og grøfter skal plasserast på eigedomen gbnr 56/17. Det ligg føre avtale om plassering av anlegg og grøfter på eigedomen datert 20.03.2015, jf e-post frå heimelshavar av 22.03.2016.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløynet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Serviceavtale skal liggja føre før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.

## **VURDERING**

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre.

### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Det er registrert fleire gravminne på gbnr 56/17 som ligg aust for omsøkte eigedomen. Tiltaket har vore på høyring til Hordaland Fylkeskommune. Omsøkte trase er i samsvar med uttale frå fylkeskommunen. Det er ikkje andre registrerte interesser i området.

Kommunen gjer særskild merksam på at dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland Fylkeskommune og arbeidet stansast inntil funnet er vurdert, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

### **Tilkopling av nye einingar til anlegget**

Søknaden er godkjend for inntil 18 pe, dvs at anlegget skal ha kapasitet til at fritidsbustadane på gbnr 56/41 og 56/74 seinare kan koplast på anlegget. Når nye einingar skal koplast til anlegget skal dette meldast til kommunen saman med søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Det er søkt om løyve til å etablera avlaupsanlegget etter plan- og bygningslova. Søknaden vert handsama i eige vedtak. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre naudsynt løyve.

## VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidshus på gbnr 56/73 for inntil 18 pe i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg med naudsynt etterpolering før avlaupet vert ført til jordbruksgrøft.
2. Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 18.03.2015 revidert 07.12.2015.
3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast og driftast av godkjend føretak.
4. Det skal dokumenterast at det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest for tiltaket.
5. Eigedomen skal knytast til offentlig godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Arbeidet med etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslov.
7. Når nye einingar skal tilkoplant anlegget skal dette meldast til kommunen saman med søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## Bortfall av løyve

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

#### *Ferdigstilling*

*Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.*

*Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.*

#### *Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet*

*Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.*

*Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.*

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/1734

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi:**

Berit Hundvin Tveito og Audun Tveito

#### **Mottakarar:**

Lindås Rør & Sanitær AS